

DEN NORSKE KYRKJA

Stavanger bispedømmeråd

Det Kgl. Fornyings-,
administrasjons- og kirkedepartement
Kirkeavdelingen
0030 OSLO

Dato: 10.11.2010

Vår ref: 09/164-23 ABE

Dykkar ref: 201003191-/MTB

Høyring om presesfunksjon i Bispemøtet i Den norske kyrkja


Vi viser til høyringsbrev om presesfunksjonen i Bispemøtet i Den norske kyrkja, datert 24. september 2010. Stavanger bispedømmeråd behandla saka i møtet 28. oktober 2010. Vi sender med dette inn felles høyringssvar frå Stavanger biskop og Stavanger bispedømmeråd.


Preses innehar ein viktig leiarfunksjon i Den norske kyrkja. Det er av avgjerande tyding at representantar for heile den nasjonale kyrkja får høve til å gje stemme i avstemminga. Prosedyren som blir foreslått, tar ikkje tilstrekkeleg omsyn til dette. Vi meiner at dette bør sikrast ved at alle bispedømmeråda deltar i avstemminga. Bispedømmeråda er representative og demokratiske organ for bispedømma i Den norske kyrkja.

For eventuelt å styrkja denne sida ved prosessen kunne eventuelt også prostane delta i avstemminga. Prostane representerer på ein god måte breidda i kyrkja på lokalplan. Dersom dette blir oppfatta som ei for omfattande avstemming, vil vi i alle høve be om at bispedømmeråda blir tatt med.

Vi vil på denne bakgrunn be om at framgangsmåten ved utnemning av preses tar større omsyn til dei nasjonalkyrkjelege interessene ved balanseringa av dei ulike aspekta ved saka, enn det forslaget som er skildra i høyringsnotatet.

Med helsing


Erling J. Pettersen (sign.)
biskop


Age Bognes
stiftsdirektør